

Adresseliste

Vår dato: 26.06.2026

Vår ref.: 202600024-3 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Høyring av søknad om utviding av Bjørgjo kraftverk i Etne og Vindafjord kommuner i Vestland og Rogaland

NVE har fått ein søknad frå Egil Kambo om løyve etter vassressurslova til utviding av Bjørgjo kraftverk. Søknaden blir no send på høyring med høyringsfrist 21.08.2026.

Kva blir det søkt om?

NVE har fått søknad frå Egil Kambo, datert 30.12.2025, om løyve etter vassressurslova til utviding av Bjørgjo kraftverk. Utvidinga omfattar ein overføring av eit nedbørfelt på 0,7 km² til Myrkavatnet gjennom ein 630 m lang open kanal. Krokavatnet er planlagt som magasin med reguleringshøgde på 1,5 m, med 1,0 m heving og 0,5 m senking av vasstanden frå kote 452,5 til kote 454. Til saman gir dette auke i årleg kraftproduksjon for Bjørgjo kraftverk på 1,3 GWh. Dette er tilsvarande årsforbruket til 65 husstandar.

Søknaden med vedlegg er tilgjengeleg på NVE si nettside: www.nve.no/9829/v. Søknaden skal behandlast etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8. Kommunen er til vanleg konsesjonsmynde etter vassressurslova for vasskraftverk under 1 MW, jf. § 64. Bjørgjo kraftverk kjem inn under unntaket i § 1 bokstav c, e og g i forskrift om kommunens myndigheit i mindre vasskraftsaker, og NVE vil difor behandle denne konsesjonssøknaden.

Informasjon om saksbehandlinga finn du på NVE si nettside: www.nve.no/saksgang-vannressursloven

Kva ønskjer vi fråsegn om?

NVE ønskjer å få inn synspunkt på planane som er presenterte i søknaden. NVE ønskjer konkrete synspunkt på om planane bør gjennomførast, ev. val av alternativ eller forslag til avgrensingar i planane. Vi ønskjer også grunngjeve forslag til avbøtande tiltak som kan redusere eventuelle ulemper ved gjennomføringa av prosjektet. I tillegg ber vi om eventuelle kommentarar til om søknaden gir tilstrekkelege opplysningar om verknadene av tiltaket. Alle som har meiningar om saka, kan sende inn ei fråsegn.



Slik sender du inn høyringsfråsegn

Alle som har meiningar om saka, kan sende fråsegn på éin av følgjande måtar:

- via skjema for fråsegn, som de finn på nettsida i saka (www.nve.no/9829/v)
- via e-post til nve@nve.no (merk e-posten med «Høyringsfråsegn 202600024» i emnefeltet, og oppgi namn og organisasjonsnummer i innleiinga om du representerer ei verksemd)
- via brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO (merk brevet med «Høyringsfråsegn 202600024» og oppgi namn og organisasjonsnummer i innleiinga om du representerer ei verksemd)

Frist for å sende fråsegn er **21.08.2026**.

Fråsegn eller delar av fråsegn vil bli refererte i saka. Er høyringsfråsegna lang, oppmodar NVE høyringspartane til sjølv å skrive ein kortfatta konklusjon eller samandrag. Høyringsfråsegnene er offentlege dokument, og sentrale saksdokument blir lagde ut på NVE sine nettsider.

Til kommunene

Vi ber Etne kommune og Vindafjord kommune om å informere om saka på nettsidene sine og ev. sosiale medium.

Med helsing

Ingvild Marie Dybwad
seniorrådgjevar

Thea Vik Mjaaland
førstekonsulent

Dokumentet er sendt utan underskrifter. Det er godkjent etter interne rutinar.

**Mottakarliste:**

Adresseliste

Kopimottakarliste:

ROGALAND FYLKESKOMMUNE

STATSFORVALTEREN I ROGALAND

Norges Jeger- og Fiskerforbund

VINDAFJORD KOMMUNE

ETNE KOMMUNE

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard

Haugesund Turistforening

BKK AS

NATURVERNFORBUNDET HORDALAND

Sabima Samarbeidsrådet For Biologisk Mangfold

KAMBO ENERGI AS

Forum for natur og friluftsliv Rogaland

NORGES JEGER OG FISKERFORBUND ROGALAND

Friluftsrådet Vest

Etne Turlag

FAGNE AS

Norsk Friluftsliv

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

MOTVIND NORGE

VESTLAND FYLKESKOMMUNE

NATURVERNFORBUNDET HAUGALANDET